



Ål kommune



PLANSTRATEGI 2013 – 2016 PLANPROGRAM FOR REVISJON AV KOMMUNEPLAN

Vedteke av Ål kommunestyre – 20. juni 2013

FORORD

Planstrategi

Kommunane har etter Plan- og bygningslova §10-1 plikt til å utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi seinast eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert.

Kommuneplan for Ål, langsiktig del, vart vedteken i 2006, medan arealdel vart vedteken i 2010. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet som gjaldt tidlegare om å rullere kommuneplanen kvart 4 år.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å setta fokus på dei planoppgåver som kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei positiv utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for kommunen til å fastleggje og prioritere vidare planarbeid.

Planprogram for revisjon av kommuneplanen, langsiktig del

På møtet på Torpomoen 17. januar 2013 ga kommunestyret signal om at kommuneplanen, langsiktig del skal reviderast. Kommuneplanutvalet (KPU) vedtok den 11.03.2013 å starte arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

Eit planprogrammet seier noko om kva som skal reviderast og korleis prosessen skal vere.

Planstrategien for Ål og planprogrammet for revidering av kommuneplanen er med dette slått saman til eit dokument.

Kommuneplanutvalet (KPU) april 2013

1 ARBEIDET MED PLANSTRATEGI FOR ÅL KOMMUNE

1.1 Bakgrunn

Plan- og bygningsloven sine reglar om planstrategi er bakgrunn for Ål kommune sitt arbeid med planstrategi for perioden 2013 - 2016. Kommuneplanutvalet (KPU) vedtok i sak 2/2012 å starte opp arbeidet med planstrateg for Ål. Arbeidet har av ulike orsakar teke lengre tid enn planlagt. Oppstart av arbeidet tok på ny til i januar 2013.

Dette er fyrste gong Ål kommune vedtek ein planstrategi etter at den nye planloven blei endra. Materialet er difor avgrensa til å omfatte det materialet Ål kommune sjølv såg som naudsynt.

Ål kommune ser behov for å rullere m.a. kommuneplanen sin langsiktige del. Eit grundigare arbeid med gjennomgang av utviklingstrekk, utfordringar og status vil bli gjort i revideringa av denne.

1.2 Informasjonsmøte/opplæring kommunestyret Torpomoen

Den 17. januar 2013 vart det halde eit opplærings- og informasjonsmøte på Torpomoen. Alle politikarane i kommunestyret og i dei politiske utvala deltok.

Rådmann presenterte på møtet:

- Utfordringar for Ål kommune
- Utviklingstrekk for Ål
- Oversikt over alle planar i Ål
- Tilråding for vidare arbeid, revisjon av planar

Politikarane fikk kome med innspel til planarbeidet og dei ga m.a. signal om at kommuneplanen, langsiktig del skal reviderast. Kommuneplanutvalet (KPU) er planutval for kommuneplanprosessen.

1.3 Bakgrunnsmateriale

Følgjande bakgrunnsmateriale/vedlegg ligg føre for utkast til planstrategi:

- Oversikt over Ål kommune sitt plansystem
- Liste: Oversikt over Ål kommune sine overordna planar 2012 – 2016, inkludert tid for rulling
- Folketalsutvikling, Statistisk sentralbyrå 2012
- Folkehelseprofil 2013
- Folkehelsevurdering
- Kommuneplan for Ål, langsiktig del, 2006 – 2018

1.4 Nasjonale forventningar og regional planstrategi

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedteke 24. juni 2011. Det vert forventa at dei nasjonale forventningane vert følgd opp i det lokale planleggingsarbeidet. Ål kommune tek dei nasjonale forventningane frå 2011 til orientering, men vil legge desse til grunn ved rullering av kommuneplanen sin langsiktige del. Dette gjeld særleg:

- Beredskapsplikten etter Sivilbeskyttelseslova
 - Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) etter §14
 - Beredskapsplan etter §15
- Folkehelselova
- Naturmangfoldlova
- FNs barnekonvensjon

Nabokommunar

Ål kommune har ikkje teke kontakt med nabokommunar, da me ikkje ser at det ligg felles planbehov i planperioden. Denne kontakten vil bli teke i samband med høyring av planstrategien og ved oppstart av planprogram for rullering av kommuneplanen.

1.5 Folkehelse

Ny Folkehelselov er gjeldande frå 01.01.2012. I den er planlegging vektlagt som eit sentralt verkemiddel i folkehelsearbeidet med tett kopling til plan- og bygningsloven. Folkehelse skal handsamast politisk i samband med dei alminnelige plan- og beslutningsprosessane i kommunen, jf. folkehelselovens §§ 6 og 21. Loven seier at oversikt over utfordringane i kommunen innan folkehelse skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategi, mål og tiltak.

Det er utarbeida ein oversikt over utfordringane for folkehelsa i Ål kommune, sjå vedlegg Folkehelse i Ål, notat 2013. Den syner helse utfordringane i Ål kommune. Folkehelsekoordinatoren i Ål har summert opp hovudtrekka i folkehelsa i Ål kommune og gir sin tilråding for oppfølging av dei utfordringane som er kome fram i oversikten. Det er i år ikkje kome fram utfordringar innanfor folkehelse som inneber ei rullering av kommuneplanen.

2 VURDERING AV PLANBEHOVET

Ål kommune ser det som viktig å ha framtidsretta styringsdokument for å kunne utvikle kommunen. Styringsdokumenta må ha visjonar og mål for kommunen sin utvikling og vidare gode strategiar for å nå desse gjennom tiltak. Det er viktig at planar vert utarbeidd etter behov og vert gjort til effektive verktøy. Planar som ikkje har god nok politisk forankring i dagens politiske styre eller planar som er gått ut på dato eller ikkje er framtidsretta må vere prioriterte planoppgåver for Ål kommune.

2.1 Rullering av kommuneplanar

Kommuneplan for Ål, langsiktig del

- Kommuneplan for Ål er frå 2006.
- Planen har vært velfungerande, men planen er delvis utdatert pga alder og fordi det er nye utfordringar i 2013 i høve til i 2006
- Nye utfordringar: m.a. fleire eldre i kommunen, trongare kommuneøkonomi, endring i utvikling av turistområde som hotell og utleigeeiningar
- Mål med rulleringa er å oppdatere mål og tiltak. Struktur i planen vil vere den same.

Arealdelen for Ål

- Arealdelen for Ål er frå 2010. Planen er velfungerande i høve til utbygging i utmark og grender. Det er utarbeid 13 reguleringsplanar som følgje av planen.
- Det er god dekning på nye hyttetomter i Ål.
- Ål kommune ser ikkje behov for å endre denne planen i inneverande planperiode.
- Planoppgåver til seinare rulling:
 - Vurdere eksisterande eldre reguleringsplanar. Fjerne eller krav til nyregulering
 - Områdevurdering Votndalsåsen i høve til grøntstruktur, veg og VA
 - Vurdere nye innspel om utbygging

Kommunedelplan for Sundreområdet

- Planen er frå 2004.
- Planen er juridisk bindande for arealbruken i området Granhagen i vest – Sando i øst. Planen viser byggeområde og andre viktige samferdselslinjer i Sundreområdet. I planområdet er det mange eldre reguleringsplaner frå 80 og 90 talet. Mange er utdaterte, men dei har fremdeles juridisk verknad. Den dagens kommunedelplan ikkje er i samsvar med reguleringsplanar, gjeld kommunedelplanen.
- Sidan planen vart vedteke har det skjedd mye i Sundreområdet. Planen speiler ikkje dagens utvikling eller mål. Planen er meir eit augeblikksbilete av tilhøva i 2003.
- Tema som vil være aktuelle å ta opp ved ein revisjon av planen:
 1. Kartlegging i forhold til klimaendring (flomsonekart, raskart mm.)
 2. Grøntområde; skiløyper, stigar og friområde i Sundreområdet

3. Kryssingspunkt av riksveg 7, Hallingdalselva og jernbanen
 4. Vurdering av næringsareal, inkludert masseuttak og knuseverk
 5. Bustadområde
 6. Skuleområdet
 7. Sentrumsområdet, inkludert området rundt Ål stasjon/Trolløyne
 8. Gangvegar, vegar
- Ål kommune vel å prioritere ei rullering av kommunedelplanen.

Kommunedelplan for Primhovda

- Planen er frå 2006
- Planen har ikkje behov for rullering.
- Ved rullering av arealdelen for Ål bør Primhovda inngå som en del av denne.
- Ved rullering bør ein vurdere om planen er realistisk. Dette gjeld særleg nordområdet.

2.2 Rullering av sektorplanar og andre fagplanar

- Dei fleste sektorar i Ål har forholdsvis nye 4. årige sektorplanar. Desse er godt politisk forankra og er gode styringsverktøy for sine respektive sektorar. Planane skal rullerast kvar kommunestyreperiode.
- Sektor for drift og utvikling har ingen eigen sektorplan. For etaten er det derimot mange fagplanar.
- Vedlagte Plan liste syner når dei ulike sektor og fagplanane har behov for rullering

3 PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLAN FOR ÅL, LANGSIKTIG DEL

3.1 Innleiing

Ål kommune sin kommuneplan, langsiktige mål og retningsliner, 2006 – 2018, vart vedteke med heimel i plan- og bygningsloven den 21.09.2006. Planen vart til etter ei lang prosess og planen fekk god politisk forankring. Planen har difor vore velfungerande som styringsdokument i to politiske periodar. Planen har nå delvis gått ut på dato i forhold til mål og tilhøyrande tiltak. I tillegg er det behov for å få ein ny politisk forankring av planen.

Kommuneplanutvalet (KPU) er planutval for planarbeidet. KPU vedtek planprogram og legg planen ut på høyring. Kommunestyret vedtek revidert planframlegg.

KPU vedtok i møte den 11.03.2012 å setje i gang revisjon av planen. Dette som følgje av signal frå kommunestyret den 17.01.2013.

Målet med revideringa:

Målet med revideringa av kommuneplanen er:

- Å forankre kommuneplanen i dagens politiske styre
- Å endre og skape tidsriktige mål, delmål og tiltak i planen
- Å gjere tidsriktige endringar i oppbygginga av planen

Ål kommune ynskjer å halde på strukturen som er i dagens plan, men planen må betrast i høve til layout og bruk av bilete og illustrasjonar.

3.2 Lovverk

Pbl § 4-1. Planprogram

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan ha vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltagere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.


Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

Dersom planen får vesentlige miljøvirkninger i en annen stat, skal planmyndigheten sende forslag til program for planarbeidet til berørte myndigheter i denne staten til uttalelse.

Pbl § 11–13 Utarbeiding av planprogram

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4–1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegerer myndigheten i samsvar med [kommunelovens](#) regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4–2 andre ledd.



3.3 Utfordringar

Ål kommune ser desse utfordringane i kommande planperiode på 12 år:

- Fleire eldre i kommunen
- Endringar i turistnæringa
- Trongare kommuneøkonomi
- Regionalt samarbeid
- Endring i jordbruket
- Få til meir tilflytting av unge vaksne

- Skaffe fagfolk og kompetanse i regionen
- Netthandel og næringsliv
- Inaktivitet blant folk
- Trafikktryggleik
- Klimautfordringar

3.4 Dagens plan

Dagens kommuneplan seier noko om utviklinstrekk og har 10 mål eller hovudutfordringar fram mot år 2018.

Mål og hovudutfordringar

Dei 10 hovudutfordringane i dagens kommuneplan er:

1. I Ål vil me vedlikehalde og utvikle eit attraktivt sentrum og levande grender
2. I Ål vil me styrke folkehelsa, livskvalitet og trivsel
3. I Ål vil me ha ein trygg, men utfordrande oppvekstmiljø som er tilpassa kvar einskild sine behov
4. I Ål vill me at Hallingdal kan tilby allsidig utdanning og kompetanseutvikling
5. I Ål vil me vidareutvikle uss som kulturygda i Hallingdal
6. I Ål vil me styrke optimismen og evna til gjennomføring hjå næringslivet
7. I Ål vil me ha romslege, familievennlege hytteområde og turistverksemder godt tilpassa natur og landskap
8. I Ål vil me sikre velferdsordningar og helsetilbod
9. i Ål vil me at det skal vera trygt for alle som bur, oppheld seg, ferdast i har sitt virke i eller har eigedom her
10. I Ål vil me utvikle kommuneorganisasjonens evne til å møte stadige endringar og gi god service.

Tiltak

Under kvar hovudutfording er det lista opp ulike tiltak som syner korleis Ål kommune skal nå hovudutfordringane.

3.5 Utgreiingar som grunnlag for ny plan

Som grunnlag for revidering av dagens plan må Ål kommune gjere desse utgreiingane.

- Industri og masse
- Rapport varme og kalde senger
- Status for dagens kommuneplan

3.6 Medverknad

Plan- og bygningsloven stiller krav om ein prosess med aktiv medverknad.

Ål kommune ved KPU ynskjer at folk i Ål skal få moglegheit til å kome med innspel til revisjonen av kommuneplanen.

KPU har i utgangspunktet ikkje som mål å endre politikken for Ål, men dei ynskjer likevel å kontrollere om politikken er på riktig veg. Konkret ynskjer KPU innspel på forslag til Mål og tiltak innanfor dei 10 ulike hovudområda.

Som eit hjelpeverktøy har KPU laga 11 spørsmåla med utgangspunkt i dagens hovudutfordringar. Desse ynskjer KPU svar på. Forslag til tiltak som KPU finn gode og realistiske vil bli teke inn i revidert kommuneplan.

Spørsmål

1. Kva skal til for å oppretthalde levande grender i Ål?
2. Kva skal til for å skape eit attraktivt sentrum i Ål?
3. Kva skaper livskvalitet og trivsel i Ål?
4. Kva for oppvekstmiljø ønskjer me i Ål og korleis få til dette?
5. Me treng kompetanse i Hallingdal. Korleis skal vi få til dette?
6. Korleis skal me vidareutvikle oss som Kulturbygda i Hallingdal?
7. Korleis kan me legge til rette for næringslivet i Ål og Hallingdal?
8. Korleis skal Ål vere som hyttekommune?
9. Korleis skal me vere som helsekommune og korleis skal me vidareutvikle oss som helsekommunen for Hallingdal?
10. Korleis kan me unngå og førebygge kriser og sikre eit trygt Hallingdal?
11. Kor fornøgde er me med kommuneorganisasjonen?

Ope møte

Alle lag og organisasjonar i Ål og andre er invitert til eit ope møte på Torpomoen 22. april. Her vil Ål kommune gi ei gjennomgang av dagens kommuneplan og folk har høve til å kome med innspel, stille spørsmål og få svar.

Bruk av heimesida

Det er laga ein eigen link på heimesida der ein kan kome inn på eit skjema for å gi innspel til planarbeidet.

Brev til alle lag og organisasjonar i Ål

Alle lag og organisasjonar i Ål vil få brev om å kome med innspel til det overordna planarbeidet.

Fristar for innspel

Innspel må vere Ål kommune i hende innan 1. juni 2013.

3.7 Framdrifts- og arbeidsplan for revisjon av kommuneplan, langsigktig del, 2014-2026

Aktivitet	januar	februar	mars	april	mai	juni	juli	august	september	oktober	november	desember
Politisk forankring av arbeidet	■	■			■							
Utarbeide planprogram			■	■								
Høyring planprogram/ innspel				■	■							
Utarbeide endringsframlegg					■	■	■	■				
Høyring revidert planutkast								■	■	■		
Vedtak											■	■

Framdriftsplan – maksimum varighet

Januar – februar 2013

- Administrativ forankring
 Politisk informasjonsmøte 17.01.2013
 Utarbeide utkast til planstrategi og planprogram

Mars – april 2013

- Vedtak om oppstart planarbeid - Kommuneplanutvalet (KPU) 11.03.2013
 Vedtak om utlegging av planprogram - KPU 22.04.2013
 Offentleg møte - politisk - 22.04.2013

Mai – juni 2013

- Frist innspel til reviderte mål og tiltak 01.06.2013
 Gjennomgang innspel – arbeidsgruppe 03.06.2013
 Vedtak planprogram juni 2013

Juli – august 2013

- Arbeidsgruppe utarbeider endringsframlegg juni – september 2013

September – oktober 2013

- Utlegging av endringsframlegg KPU september 2013
 Høyring endringsframlegg oktober - november
 Offentleg møte høyringsframlegg november 2013

November – desember 2013

- Handsaming i KPU desember 2013
 Vedtak kommunestyret desember 2013